

Justis- og beredskapsdepartementet
Postboks 8005 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref
20/6087

Vår ref
21/509-3

Dato
8. april 2021

Høyring - Utkast til rettleiar om teieplikt, opplysningsplikt og opplysningsrett i forvaltninga

Vi viser til brev av 15. februar 2021 med vedlegg om ovannemnde.

Samferdselsdepartementet er positiv til at det blir gitt ein rettleiar på dette området. Rettleiaren verkar pedagogisk og godt eigna for alle saksbehandlarar uavhengig av fagbakgrunn. Dette vil føre til meir lik praksis.

Vi opplever at det ofte blir spørsmål om korleis "noens personlige forhold" skal forståast, jf. fvl. § 13 første ledd nr. 1), og kva opplysningar som er omfatta av teieplikt etter fvl. § 13 fyrste ledd nr. 2) (opplysningar av konkurransemessig tyding / forretningsløyndomar). Vi hadde gjerne sett nokre fleire praktiske eksempel på denne typen opplysningar i rettleiaren punkt 4.4.1 og 4.4.2. Når det gjeld "noens personlige forhold", kjem dei eksempla innanfor sektorane i punkt 8. Stikkorda frå punkt 8 kunne gjerne vore teke inn allereie i punkt 4.4.1. Behandlinga av forretningsløyndomar i punkt 4.4.2 er i snevre laget. Her kunne det gjerne vore teke inn fleire eksempel, jf. at rettleiaren ikkje seier noko meir om dette spørsmålet i resten av punkta. Det er med ord ønskeleg med fleire praktiske eksempel knytt til denne føresegna, særleg fordi deling av opplysningar som omfatta av teieplikt er straffbart.

Med helsing

Gyri Solnørdal Jenssen (e.f.)
avdelingsdirektør

Kjersti Nikolaysen
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

